



Arkivnr: 2017/485-64

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		05.12.2018

Høyring - Etablering av nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod

Samandrag

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut invitasjon til å kome med høyringsuttale i sak som gjeld oppretting av eit nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod.

Regjeringa ønskjer å løfte pasient- og brukarrettighetsordninga, både når det gjeld innhald og omfang. Det vert foreslått mellom anna at det vert etablert eit nasjonalt Eldre-, pasient- og brukarombod. Det foreslås også at ombodene i fylkene skal bytte namn til Eldre-, pasient- og brukarombod. Det nasjonale ombodet skal i tillegg vere ombud for eit fylke og lokalisert saman med ombodet i dette fylket.

Ansvarsområdet for det nasjonale ombodet og dei lokale ombodene skal fortsatt vere avgrensa til helse- og omsorgstenester frå stat og kommune. Dette gjeld også for eldre pasientar og brukarar.

Det foreslås vidare å utvide ombodenes ansvarsområde til å omfatte den fylkeskommunale (offentlige) tannhelsetenesta. Dette inkluderer både tannhelsetenester utført av fylkeskommunens egne ansatte og av private tannleger og tannpleiarar etter avtale med fylkeskommunen.

Høyringsfrist er sett til den **02.01.2019**

Framlegg til uttale blir lagt fram i møtet.

Økonomi: Inga effekt.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Etablering av nasjonalt eldre- pasient og brukarombod kan ha effekt på folkehelsa.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Sjå vedlegg.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil leggje fram forslag til uttale i møtet.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
jurist/rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

- Høyringsbrev
- Høyringsliste
- Høyringsnotat